

Interpellasjon: **Digitale læringsressursar på nynorsk**

Mange kommunar har satt i gong ei storstilt digitalisering i skulen. I Volda kommune har alle elevar på første til fjerde trinn fått kvar sin Ipad, og me ser at dette skapar glede og entusiasme for skulen hjå elevane. I dagens samfunn er digital kompetanse viktig, og å få dette inn allereie i småskulen vil gi elevane enno fleire læringsplattformer.

I opplæringslova står det: «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.» (§ 9.4).

Dette kravet vert utdjupa i *Forskrift til opplæringslova*, § 17-1:

Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg. Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen i fag, skal skoleeigar vurdere saka konkret.

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Me er urolege for at kommunen som skuleeigar ikkje har sikra at alle appane som skal brukast som læremiddel finns i nynorskutgåve, slik opplæringslova krev. Opplæringslova plasserer ansvaret for bruk av læremiddel som ikkje stettar kravet om språkleg parallellutgåve, hjå skuleeigar. Det vil seia at Volda kommune som skuleeigar bryt opplæringslova når elevar i Volda-skulen dagleg nyttar appar som berre finns i bokmålsutgåve.

Programvare som ikkje er å rekna som læremiddel, såkalla kontorstøtteprogram og andre program som skal brukast sporadisk, er ikkje regulerte av opplæringslova. Sjølv om det ikkje står i lova at elevane har krav på det, har nynorskelevar bruk for å møte mest mogleg nynorsk i skulekvardagen. Volda kommune bør difor ha eit mål om at også slik programvare vert kjøpt inn i nynorskversjon. Som innkjøparar av læremiddel og læringsressursar har kommunen eit ansvar for og ei moglegheit til å gje nynorskelevane gode vilkår for språkopplæringa.

Utvalet av appar på nynorsk er avgrensa, og truleg kan ikkje Volda og andre nynorskkommunar vente at utviklarane av digitale læremiddel kjem med versjonar av programvarene sine på nynorsk. Truleg ville dei nynorske versjonane allereie vore på marknaden dersom det hadde vore lønsamt.

Tilskotsramma for utvikling av læremiddel var i 2017 på 58 mill. kroner. Desse midlane vert fordelt av utdanningsdirektoratet kvart år, og er meint for å stimulere til utvikling av læremiddel på felt som fell utanfor det kommersielt lønsame. Forlag, private institusjonar og andre miljø som

utviklar læremiddel kan søke om støtte. Volda har ei rekke institusjonar som har relevant kompetanse for eit slikt arbeid. Vi nemner Nynorsksenteret, Ivar Åsen-tunet, Allkunne.no, Høgskulen i Volda, Globalskulen og truleg fleire. Vi burde difor ta ei aktiv rolle for å sikre digitale læremiddel på nynorsk.

Volda SP og MDG vil fremje slikt framlegg til vedtak:

- Volda kommune skal arbeide for at flest mogleg av dei digitale læringsressursane som vert nytta i Voldaskulen er på nynorsk .
- Oppvekstkontoret skal skaffe seg oversikt over korleis appar og andre digitale læringsressursar vert nytta, slik at ein veit kva som er definert som læremiddel og ikkje, og held seg innanfor lova.
- Volda kommune skal samarbeide med andre nynorskkommunar (for eksempel gjennom Sjustjerna og LMK) om å få appar omset til nynorsk.
- Volda kommune skal løfte problematikken kring digitale nynorske læremiddel fram for Utdanningsdirektoratet og arbeide for at ”*digitale læremiddel på nynorsk for grunnskulen*” kjem på prioriteringslista for tilskot til læremiddelutvikling i 2018.
- Volda kommune skal vurdere om eiga ikt-utviklingskompetanse kan nyttast i utvikling av læremiddel på nynorsk, og om dette kan finansierast ved tilskot og sal av digitale pedagogiske produkt.

Sølvi Dimmen